

Saksbehandlar: Jan Heggheim, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/8966-1

Stortingsmelding om reiseliv

Innspel frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Bakgrunn:

Nærings- og Fiskeridepartementet har varsla ei stortingsmelding om reiseliv våre 2016. Det har vore halde innspelskonferansar til meldinga, både opne og for inviterte. Det er vidare opne for innspel til meldinga, difor dette notatet. Frist for synspunkt på meldinga er sett til 15. oktober 2015

Notatet er forfatta med utgangspunkt i fylkeskommunen si rolle som regional utviklar, men er lagt fram for dei tre fungerande reisemålsselskapa i Sogn og Fjordane for å få synspunkt også frå dei.

Kunnskapsgrunnlaget

Statistikk:

Både private og offentlege aktørar har i dag vanskar med å finne tilstrekkeleg grunnlag for beslutningar, fordi statistikkgrunnlaget er for svakt. Dette gjeld både reisemønster, forbruk, lønsemd i kjernenæringa, geografisk presisjon. Vi har tidlegare delt ein rapport, Travelistics, med reiselivsseksjonen i departementet. www.travelistics.no

Forsking og utdanning

Næringa er prega av mangelfull relevant forsking, og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har teke eit initiativ saman med Vestlandsforskning, Høgskulen i SF, Innovasjon Norge og ei rekkje private aktørar til å lage eit Forskingsprogram Reiseliv. Dette inneber også førebuing til eit mastergradsløp ved høgskulen. Til informasjon. Prospekt er vedlagt.

Skildring av næringa:

Overrislingsverknader:

Vi er særleg opptekne av effektane reiseliv har på lokalsamfunn, og då ikkje i form av ringverknader i tradisjonell forstand (kjøp av varer og tenester i lokalsamfunnet), men i form av gjestens forbruk av varer og tenester i andre næringar (overrislingsverknader). Dette er den viktigaste årsaka til at det offentlege rettar særleg merksemd mot akkurat denne næringstypen.

Mange lokalsamfunn hadde ikkje hatt den sørvisgraden dei har i dag utan turistforbruk.

Rolla til regionalnivået:

Reiseliv er ei fragmentert næringsgruppering med stor trong for koordinering. Denne koordineringa er for omfattande for enkeltkommunar (truleg også med ein storleik på 15-20.000 innbyggjarar). Staten vil på same måte få vanskar med å agere på destinasjonsnivå. Det er difor logisk at eit regionalt nivå (fylkeskommunar eller nye folkevalde regionale styresmakter) kan ta seg av koordineringa, tenestekjøpet og deler av finansieringa av landsdelsselskap og destinasjonsselskap.

Fellesgoder:

Vi vil peike på at det kan vere nyttig å skilje mellom

- «nødvendige» fellesgoder av typen vedlikehaldsfaktorar: Parkeringsplassar, toalett, skilting og merking, bruer for elvepassering,
- «besøksfremjande» fellesgoder av typen tekniske installasjonar; skiløyper, heisar, transportmiddel; type buss i lågsesong, via ferrata, og så vidare,
- profilmarknadsføring av nasjonen og regionen.

Finansiering av fellesgoder

Dei tre kategoriane over har ein ting til felles: Dei er finansierte på ein svært tilfeldig måte i dag. Ofte snakkar vi her om prosjekt som i seg sjølv ikkje er lønsame eller nokon gong kjem til å bli det, men som er naudsynte for at andre skal tene pengar. Profilmarknadsføring er i dag avhengig av at den enkelte næringsaktør frivillig aksepterer at bedriftas pengar vert brukte på dette. Det er svært mange næringsaktørar som ikkje stiller opp for fellesskapet. Det mest synlege dømet er matvarebutikkane, som nest etter kjernenæringa hentar store inntekter frå turisme. Desse er berre unntaksvis med på å betale for fellesgoder.

Norges Sjømatråd, markedsføringsorganet til norske sjømatprodusentar, er i dag finansiert av næringsavgifter pålagt ved forskrift. Dette er rekna som lite kontroversielt i fiskeri- og havbruksnæringa, dersom vi ser bort frå naturlege diskusjonar om satsar og liknande.

Vi tilrår følgjande drøfta i meldinga:

Gjesteavgift etter modell av «Kur-Tax»: Ei avgift (p.t. ca €2 pr gjestedøgn) blir kravd inn av den enkelte overnattingsstad. Dette skal gå til fysisk infrastruktur som gjesten sjølv kan ha glede av ved neste besøk.

Næringsavgift etter modell av Norges Sjømatråd: Kommunane som ynskjer det, kan pålegge næringslivet ei avgift tilpassa næringstype. Inntektene skal gå til felles markedsføring og drift av destinasjonsapparatet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er klar over at temaet er kontroversielt. Vi vil likevel be departementet greie ut i meldinga kva som er føremoner og ulemper ved ordningane som er skildra kort over.

Sørvisgrad i høgkostlandet:

Meldinga bør drøfte kva sørvisnivå vi må legge oss på for å svare til forventningar som oppstår som følge av eit svært høgt prisnivå. Dette er mellom anna problematisert gjennom artiklar i Aftenposten denne sommaren, forfatta av Knut Olav Åmås.

<http://www.aftenposten.no/meninger/kommentarer/Knut-Olav-Amas-skriver-Hva-kan-Norge-lare-av-Sveits-8090189.html>

I sørvisteori skil vi mellom

- Strukturell sørvis: Leiing, system
- Teknisk sørvis: IKT, bestillingsmåtar, betalingsmåtar, s
- Menneskeleg sørvis: Enkeltmennesket som leverandør

Meldinga bør drøfte og gi signal om kva standard vi bør etablere, og kva vi skal gjere for å komme dit.

Digital infrastruktur:

Regjeringa har høge ambisjonar om å betre den digitale infrastrukturen, jamfør regjeringsplattformen, der breibandkapasiteten som skal vere tilgjengeleg for norske husstandar Norge er talfesta til 100 Mb/sek.

Dessverre blir utbygginga berre konsentrert om husstandar, sjølv om mange av dei mest besøkte turistmåla ligg på stader utan særleg mange fastbuande. Dette betyr at ein moderne reisande ikkje deler til dømes bilete og film frå desse stadane fordi infrastrukturen ikkje er til stades.

Samferdsle:

Buss, ferje og båtruter er i liten grad tilpassa internasjonale reisande. Mange av desse rutene er også underlagt regionale anbodssystem, samstundes som dei er viktige transportårer for norske og utanlandske gjester. Det må opprettast ein «stamrutestruktur» der ruteeigar (stat, fylkeskommune og kommune) er pliktig til å operere med fleirårige ruter.

Samfunnsansvar:

Den førebelse disposisjonen til meldinga drøftar med utgangspunkt i omgrepet «berekraft». Vi gjer framlegg om at meldinga brukar omgrepet «samfunnsansvar», og at ein her drøftar med utgangspunkt i

- «People»
- «Profit»
- «Planet»

Cruiseturisme

Norge har i 2015 få innslag av det som kan kallast «masseturisme», men vi har cruiseanløp i små hamner som tøyser kvalitetsbegrepet. Vestlandsrådet har begynt arbeidet med ein cruisestrategi for å legge føringar for eigne avgjerder framover. Aktuelle tiltak må vere nasjonale, og difor vil det vere naturleg at meldinga varslar korleis vi skal

1. Gjere cruise til ei reiseform som i mindre grad utfordrar kvalitetane i små samfunn
2. Finansiere fellesgoder som medverkar til 1)